

## Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021

**Harald Ekroll** sette fram slikt forslag:

### «DEN KUTURELLE SPASERSTOKKEN TILDELING TIL KOMMUNANE FOR 2022

Fylkeseldrerådet vart på teams møte 07.06.21. orientert frå avd. for kultur, idrett og friluftsliv om søknader og framlegg til tildeling til kommunane i Vestland.

Fylkeseldrerådet er svært godt nøgd med måten rådet blir teken med undervegs i prosessen.

Med den demografiske utviklinga og stipulert utvikling av demens i kommunane meiner rådet at tiltak innanfor kulturfeltet må aukast, noko som vil kreve større midlar.

Kultur er eit godt helsebringande tiltak og er derfor viktig for alle aldersgrupper og ikkje minst for dei eldre. Tverrsektorielt samarbeid i kommunane og i fylkeskommunen er viktig for å få eit best mogeleg resultat.

Samarbeid mellom kommunar og mellom spaserstokken og den kulturelle skulesekken er spennande ting enkelte kommunar har prøvd ut.

Vi registrer at ein kan få overføre midlar for 2021, som ein ikkje har fått brukt pga. koronasituasjonen, og utan at dette vil påverke tildelinga for 2022.

Fylkeseldrerådet vil på landskonferansen for fylkeseldreråd i Trondheim i september at opp spørsmålet om ein uttale til myndigheitene for å få auka bevilgningen til Den kulturelle spaserstokken med 100 % frå 2023.

Fylkeseldrerådet sluttar seg til den måten tildelinga er tenkt frå fylkeskommunen .»

### **Avrøysting**

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Uttale frå fylkeseldrerådet**

#### DEN KUTURELLE SPASERSTOKKEN TILDELING TIL KOMMUNANE FOR 2022

Fylkeseldrerådet vart på teamsmøte 07.06.21 orientert frå avdeling for kultur, idrett og friluftsliv om søknader og framlegg til tildeling til kommunane i Vestland.

Fylkeseldrerådet er svært godt nøgd med måten rådet blir teken med undervegs i prosessen.

Med den demografiske utviklinga og stipulert utvikling av demens i kommunane meiner rådet at tiltak innanfor kulturfeltet må aukast, noko som vil krevje større midlar.

Kultur er eit godt helsebringande tiltak og er derfor viktig for alle aldersgrupper og ikkje minst for dei eldre. Tverrsektorielt samarbeid i kommunane og i fylkeskommunen er viktig for å få eit best mogeleg resultat.

Samarbeid mellom kommunar og mellom spaserstokken og den kulturelle skulesekken er spennande ting enkelte kommunar har prøvd ut.

Vi registrer at ein kan få overføre midlar for 2021, som ein ikkje har fått brukt pga. koronasituasjonen, og utan at dette vil påverke tildelinga for 2022.

Fylkeseldrerådet vil på landskonferansen for fylkeseldreråd i Trondheim i september at opp spørsmålet om ei uttale til myndigheitene for å få auka tildelinga til Den kulturelle spaserstokken med 100 % frå 2023.

Fylkeseldrerådet sluttar seg til den måten tildelinga er tenkt frå fylkeskommunen.

